



Friheim ynskjer frådelling av to tomter. Dette biletet er teke frå Storhaug mot Friheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kurt Eivind Miljeteig på Friheim har søkt om å få dele ifrå ein fritidseigedom og ein bustadeigedom og kommunen har no starta handsaminga.**

Saksbehandlar Anne Lise Næs Olsenpeikar på at den omsøkte bustadeigedom ligg i eit område som i kommuneplanen er avsett til LNF-område og søknaden er såleis ikkje i tråd med planen. Saka vil verte å behandle politisk i møte 25. februar.

Når det så gjeld den omsøkte fritidseigedom ligg den i eit område som er avsett til fritidsbustad og såleis er denne i tråd med plan. Likevel treng kommunen meir dokumentasjon for å kunne behandle saka.

Det lyt søkjast om utsleppsløyve for fritidseigedom og det lyt også dokumenterast løyve til å knyte seg til privat veg før saka kan handsamast. Til slutt lyt tilkomst til fritidseigedom markerast på kart før det kan takast stilling til søknaden.

Av Ola Matti Mathisen